

# REFERAT FRÅ STYREMØTE I HORDALAND SOGELAG

Stad: Stalheim Hotell, Vossestrand

Tid: fredag 22. september 2023 kl 13-14.00.

Til stades: Anne Liv Soldal, Knut Farestveit, Sigmund Simmenes og Ågot Gammersvik  
Forfall; Mikal Heldal, John Einarsen og Kjell Alvheim

## SAKLISTE

### 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent

### 2. Referat frå sist styremøte og saksoppfølging

**Vedtak:** Referat frå styremøtet 24. august 2023 vart godkjent med rettingar under sak 2.

### 3) Økonomi

Rekneskapen er slutført fram til 1. september. Lokallaga har fått krav om deltakaravgift på Askøy og medlemspengar for 2023. 15 lag må purrast for medlemspengar og 1 lag har ikkje betalt deltakaravgift. Styreleiar og kasserar har no tilgang til kontoane til Hordaland sogelag og dei har tett samarbeid om økonomidalen til laget.

Status; ca. kr. 300.000 på konto i SPV. Styreleiar held fram med søknader til Vestland fylke om støtte til vårt arbeid. Uteståande rekningar og reiserekningar må sendast til kasserar Knut Farestveit.

**Vedtak:** Saka vart tatt til orientering.

### 4) Planlegging av årsmøtet for 2023 i 2024

a) Årsmøtet vert halde søndag 12. mai kl 09.00 på Stalheim Hotell

b) Lokallaga får fyldig informasjon innan 10. mars. Saker til årsmøtet må meldast regionslaget ved styreleiar [annelivsol@gmail.com](mailto:annelivsol@gmail.com) innan 20. februar 2023

c) Dagsorden for årsmøtet; Godkjenning av innkalling og saklista. Årsmelding.

Rekneskap for 2023 og budsjett for 2024. Handlingsplan. Val av nytt styre (leiar, Knut og Ågot står på val) Val av revisor (Harald Lindevik står på val i 2024 og Einride Aakra står på val i 2025) Val av varalemer og valnemnd, alle valde for 1 år og på val i 2024. Innkomne saker.

**Vedtak.** Sakene til årsmøtet vert handsama på neste styremøte, i veke 9 i Vestlandshuset i Bergen.

### 5) Møte med regionlagsledarane

Landslaget sitt styre har vedtatt møteplan ut året, og det blir møte med regionlagsledarane på Gardermoen **laurdag 28. oktober** kl. 10:00 til 16:00. Tema for samlinga er 1) Orienteringer, 2) Utvandringjubileet og 3) Drøftingar av region/fylkesorganisering. Innkalling vil bli sendt ut fra sekretariatet snart.

**Vedtak:** Mikal Heldal vert vår utsending til dette møtet på Gardermoen.

### 6) Lokalhistoriske dagar 2024 - samarbeid med Vossestrand sogelag

Lokalhistoriske dagar i 2024 og årsmøtet vert lagt til Voss, med Vossestrand sogelag som arrangør. Styreleiar Jorunn Gjømstein og styremedlem/kasserar Trygve Dugstad

la fram forslag til program og kulturelle innslag, kanskje også ein konsert før middag på Stalheim hotell.

Førebels program: Laurdag 11. mai: kl.12.00 Ankomst og innlosjering Stalheim Hotell  
kl.13.00 Historisk program, om hotellet, kunsten, museet  
kl.19.00 Konsert  
kl. 20.00 Middag

Søndag 12. mai: kl.09.00 Årsmøte Hordaland sogelag  
kl.10.30 Historisk program held fram, lunsj under vegs  
kl.16.00 Avslutning

**Vedtak:** Vossestrand sogelag arbeider ut eit framlegg til program for laurdag og søndag, og held styret orientert om vidare arbeid.

## **7) Eventuelt**

### **a) Nye kurs til vinteren**

Forslag om nye kurs med tema:

- *Fotoarkiv, gjenta førre kurs*
- *Registrering*
- *Bevaring av gjenstandar*
- *Kurs i årbokskriving*

**Vedtak:** Styret vil arbeida vidare med å finna kursleiarar til dei ulike kursa, og planlegga tid og stad for vidare kursverksemd på neste styremøte.

**b) Neste styremøte** vert i Bergen i veke 9, helst 29.2 på Vestlandshuset.

Ref. Askøy 22.09.2023 Ågot Gammersvik